



Samarbeidsavtale

om:

God Helse

er inngått mellom:

Gjemnes kommune	og	Møre og Romsdal fylkeskommune (Kulturavdelinga)
Org. nr. 964981426		Org. nr. 915 034 969

for perioden

f.o.m. 01.01.2020	t.o.m. 31.12.2023
--------------------------	--------------------------

Signering av kontrakt er gjort ved elektronisk prosess i Merccell ved bruk av bank-ID.

Signeringspartar

Fylkeskommunen:	Kommunen:
Namn: Heidi-Iren Wedlog Olsen	Namn: Birgit Eliassen
Stilling: Kulturdirektør, kulturavdelinga	Stilling: rådmann
Tlf.: 71 28 03 38	Tlf.: 93011258
E-post: heidi- iren.wedlog.olsen@mrfylke.no	E-post: birgit.eliassen@gjemnes.kommune.no

1. BAKGRUNN FOR AVTALEN

Fylkeskommunen ønsker eit strategisk samarbeid med kommunane om å utvikle folkehelsearbeidet i fylket. God Helse er namnet på Møre og Romsdal fylkeskommune sitt folkehelsearbeid og partnerskap med kommunane i perioden 2004-2019. Namnet blir vidareført i God Helse samarbeidsavtalen.

Avtalen er forankra i vedtak i kultur-og folkehelseutvalet i sak KF-38/19, og byggjer på God Helse-partnerskapet frå 2004 til 2019.

2. FORMÅLET

Folkehelsearbeidet skal gjennomførast i tråd med Lov 24. juni 2011 nr. 29 om folkehelsearbeid (folkehelseloven). Folkehelseloven sin formålsparagraf §1 vert lagt til grunn.

Formålet med loven er:

«... å bidra til en samfunnsutvikling som fremmer folkehelse, herunder utjevner sosiale helseforskjeller. Folkehelsearbeidet skal fremme befolkningens helse, trivsel, gode sosiale og miljømessige forhold og bidra til å forebygge psykisk og somatisk sykdom, skade eller lidelse. Loven skal sikre at kommuner, fylkeskommuner og statlige helsemyndigheter setter i verk tiltak og samordner sin virksomhet i folkehelsearbeidet på en forsvarlig måte. Loven skal legge til rette for et langsiktig og systematisk folkehelsearbeid.»

Formålet med avtalen er å sikre ei god samordning av folkehelsearbeidet i fylket og følge opp måla i den nasjonale, regionale og lokale folkehelsepolitikken.

Avtalen skal medverke til ei samfunnsutvikling som fremmar folkehelse og utjamnar sosiale helseforskjellar.

God Helse-samarbeidsavtalen omfattar mellom anna avtalepartane sine ansvarsområde i det helsefremmande og førebyggjande arbeidet. I vedlegget til avtalen er økonomisk tilskot frå fylkeskommunen, i tillegg til den enkelte kommune sine prioriterte arbeidsområde i perioden, beskrive.

3. AVTALEPARTANE SINE ANSVARSOMRÅDE

Møre og Romsdal fylkeskommune sitt ansvar:

- a) Ha nødvendig oversikt over helsetilstanden i befolkninga og dei faktorane som påverkar helsa
- b) Vere pådrivar for og samordne folkehelsearbeidet i fylket
- c) Synleggjere folkehelse som tema i fylkeskommunale plandokument, som til dømes fylkesplan, regionale planer og fylkesstrategiar og årlege tiltaksplanar knytt til økonomiplan
- d) Fremme folkehelse innan fylkeskommunen sine ansvarsområder
- e) Gjere tilgjengeleg opplysningar og gi rettleiing til kommunane sitt arbeid med oversikt over folkehelsa
- f) Synleggjere FN sine berekraftsmål i folkehelsearbeidet
- g) Bidra til å styrke regionale strukturar rundt kommunar sitt folkehelsearbeid
- h) Bygge kompetanse på korleis ein jobbar langsiktig og systematisk med folkehelsearbeid
- i) Vidareutvikle det sektorovergripande folkehelsearbeidet, og forankre det i eit samarbeidsforum som arbeider med samfunnsutvikling
- j) Legge til rette for nettverksbygging og samlingar, kunnskaps- og erfaringsutveksling og fagleg styrking av samarbeidsaktørane
- k) Bidra til auka satsing på folkehelse i folkevaltopplæringa, og løfte folkehelse som tema på sentrale arenaer der kommunane sine leiarar er til stades
- l) Vere ein støttespelar for kommunane på deira utfordringsbilde i folkehelsearbeidet og tilby rettleiing og rådgiving
- m) Styrke arbeidet med å legge til rette for samarbeid med frivillig sektor, gjennom nettverksarenaer og liknande
- n) Koordinere årleg rapportering av God Helse-samarbeidet

Kommunen sitt ansvar:

- a) Ha nødvendig oversikt over helsetilstanden i befolkninga og dei faktorane som påverkar helsa
- b) Oversikten over folkehelsa skal inngå som grunnlag for arbeidet med kommunen sin planstrategi, planer og tiltak
- c) Setje i verk nødvendige tiltak for å møte kommunen sine folkehelseutfordringar i tråd med kommunen sine planar og retningslinjer
- d) Forankre folkehelsearbeidet både politisk og administrativt
- e) Ha to kontaktpersonar knytt til kommunen sitt strategiske folkehelsearbeid
- f) Legge til rette for samarbeid med frivillig sektor og utvikle dette
- g) Sørge for medverking og innflytelse frå innbyggjarane og rådgjevande utval i folkehelses spørsmål
- h) Vurdere følgjer for helse og trivsel i all planlegging, og arbeide helsefremmande og førebyggjande på tvers av sektorane
- i) Synleggjøre FN sine berekraftsmål i folkehelsearbeidet
- j) Vidareutvikle det sektorovergripande folkehelsearbeidet, og forankre det i eit samarbeidsforum som arbeider med samfunnsutvikling
- k) Bidra med kunnskaps- og erfaringsutveksling i God Helse-samarbeidet
- l) Delta på fylkeskommunale nettverksmøte og samlingar knytt til folkehelsearbeidet, både frå politisk og administrativt nivå, og frå ulike sektorar
- m) Gjennomføre opplæring av folkevalde med folkehelse tema
- n) Rapportere i God Helse-samarbeidet etter utarbeidd mal

4. VEDLEGG TIL AVTALEN

Avtalen har eitt vedlegg med følgande innhald:

- Del 1: Tilskot
- Del 2: Kontaktopplysningar på ressurspersonar
- Del 3: Folkehelseutfordringar og prioriterte arbeidsområde i eigen kommune
- Del 4: Endringar etter avtalen er inngått

5. VARIGHEIT

Avtalen gjeld i perioden 01.01.2020 til 31.12.2023.

6. FORANKRING

Avtalen skal forankrast politisk i kommunen og fylkeskommunen. Administrativt skal avtalen følgast opp av kommunedirektør i kommunen og fylkeskommunedirektør i fylkeskommunen, eller den som har direktørens mynde.

Partane skal kontinuerleg arbeide med å forankre folkehelseperspektivet i relevante planer og strategiar.

7. ØKONOMI OG RAPPORTERING

Tilskotet skal brukast til å finansiere arbeidet med ansvarsområde i punkt 3 og arbeidsområder for kommunen for avtaleperioden spesifisert i vedlegg 1, del 3.

Dersom ansvarsområde og arbeidsområder i samarbeidsavtalen er følgt opp, og med føresetnad om fortsatt løyving på budsjett, vil fylkeskommunen gi årlig tilskot til kommunen.

Nivå på økonomisk tilskot er basert på innbyggartalet i kommunen, fordelt på tre nivå:

- Nivå 1 kr 125 000: under 10 000 innbyggjarar
- Nivå 2 kr 150 000: mellom 10 000 - 35 000 innbyggjarar
- Nivå 3 kr 175 000: over 35 000 innbyggjarar

Det blir føresett at kommunen bidreg med minimum same beløp som fylkeskommunen til dette arbeidet.

Kommunen kan ikkje nytte tilskotet til kommunale tilskotsordningar, eller til å kjøpe utstyr eller anlegg.

Første året vil tilskotet bli utbetalt ved signering av samarbeidsavtale. Seinare vert tilskotet utdelt årlig etter at årsrapport er mottatt og godkjent. Om ikkje rapporten blir godkjent kan fylkeskommunen krevje tilbakebetaling av midlar.

Kvart år vil kommunen få tilsendt ein rapporteringsmal for rapportering. Kommunen skal rapportere innanfor fristar som fylkeskommunen fastset.

Det blir lagt opp til ei årlig rapportering der det leggjast vekt på:

- Enkel framstilling på status ansvarsområde (punkt 3 i samarbeidsavtalen)
- Rapportering på arbeidet med prioriterte arbeidsområder for den enkelte kommune sett opp mot kommunen sine folkehelseutfordringar for avtaleperioden (vedlegg 1, del 3).

Fylkeskommunen vil setje saman ein samla årsrapport for rapporteringa på utfordringsbildet og prioriterte arbeidsområder i kvar kommune. Denne vil bli gjort offentleg tilgjengeleg.

8. ENDRING OG HEVING AV AVTALEN

8.1 Endring av avtalen etter avtaleinngåing

Endringar av eller tillegg til denne avtalen skal avtalast skriftleg.

8.2 Heving av avtalen

Begge partane i avtalen kan seie opp avtalen med 3 (tre) månaders skriftleg varsel, dersom det ligg føre sakleg grunn.

Ved oppseiing av avtalen må kommunen tilbakebetale midlar gitt for tidsperioden etter oppseiinga trår i kraft.

9. TVISTAR

9.1 Rettsval

Partane sine rettar og plikter etter denne samarbeidsavtalen vert bestemt i sin heilskap av norsk rett.

9.2 Forhandlingar

Dersom det oppstår tvist mellom partane om tolkinga eller rettsverknaden av samarbeidsavtalen, skal tvisten først verte forsøkt løyst ved forhandlingar.

Vedlegg God Helse-samarbeidsavtale

Kommune: Gjemnes

Innhold:

Del 1: Tilskot.....	2
Del 2: Kontaktopplysningar på ressurspersonar.....	2
Del 3: Folkehelseutfordringar og prioriterte arbeidsområde i eigen kommune.....	3
Del 4: Endring etter at avtalen er inngått.....	5

Del 1: Tilskot

Gjemnes kommune har **2629 innbyggjarar** og er derfor på nivå **1** kor det blir gitt årlig tilskot på **125 000 kroner** til kommunen for perioden (med føresetnad om løyving på budsjett).
Vilkår rundt tilskotet står i samarbeidsavtalen punkt 7, økonomi og rapportering.

Kontonummer for føring av tilskot: **3933 05 00097**

Del 2: Kontaktopplysningar på ressurspersonar

Fylkeskommunen:

Kontaktperson for folkehelsearbeid i fylkeskommunen

Namn: Sigrí J. Spjelkavík
Stilling: rådgivar folkehelse
E-post: sigri.spjelkavik@mrfylke.no
Telefon: 71 28 03 04

Leiar i fylkeskommunen med særskilt ansvar for folkehelsa

Namn: Rigmor Hustad Holen
Stilling: seksjonsleiar
E-post: rigmor.h.holen@mrfylke.no
Telefon: 71 28 04 23

Kommunen:

Kontaktperson for folkehelsearbeid i kommunen

Namn: Maaíke Magdalena Roorda
Stilling: spesialfysioterapeut/folkehelsekoordinator
E-post: maaíke.magdalena.roorda@gjemnes.kommune.no
Telefon: 90711095

Leiar i kommunen med særskilt ansvar for folkehelsa

Namn: Jørgen Jung Jensen
Stilling: kultursjef
E-post: jorgen.jung.jensen@gjemnes.kommune.no
Telefon: 91157352

Del 3: Folkehelseutfordringer og prioriterte arbeidsområde i egen kommune

3.1 Kommunen sine viktigaste folkehelseutfordringer (maks 100 ord)

Gjemnes kommune har

Utfordring 1: Utfordringer med trafikkikkerhet på forskjellige plasser i kommunen.

Utfordring 2: Usikkerhet om smittevernplan fra 2003 er bra nok.

Utfordring 3: Utenforskap i form av å ikke være en del av et fellesskap i utdanning, arbeid og fritid er en risiko for dårlig helse og livskvalitet. Psykisk helse for barn, unge og eldre i kommunen kan forbedres. Ungdomsmiljøet er utfordrende.

Utfordring 4: Kommunen trenger nye innflyttere, flere barn og mer kvalifisert personell. Det er viktig at kommunen jobber aktivt for å forbedre sitt omdømme og at innbyggerne føler mer tilhørighet.

Småbruk som står tomme store deler av året påvirker nabolaget negativt.

Utfordring 5: Kommunen vil få en økt andel eldre innbyggere (over 67 år) i framtiden. Det vil være viktig at eldre er og holder seg så friske som mulig, så lenge som mulig. Det vil også være viktig at de får mulighet til å bidra i lokalsamfunnet etter egne ønske og forutsetninger.

Utfordring 6: Kommunen har en større andel fallskader enn gjennomsnittet for landet og fylke, som hodeskader og hoftebrudd. Dette gjelder eldre og barn/ungdom. Generelt går tallene på folkehelse sykdommene opp, men ligger fortsatt under gjennomsnittet for landet og fylket.

Utfordring 7: Samhandling på tvers i kommunen for et systematisk og langsiktig folkehelsearbeid.

3.2 Skisser prioriterte arbeidsområder for den enkelte kommune sett opp mot kommunen sine folkehelseutfordringer for avtaleperioden. Kva vil kommunen gjere for å møte desse utfordringane i avtaleperioden?

Bærekraftsmålene fra FN og folkehelseperspektivet skal være synlig i all planlegging i Gjemnes kommune. For at tiltakene skal være treffsikre og basert på kunnskap om lokale forhold, skal folkehelseoversikten og resultater av andre undersøkelser brukes.

Utfordring 1: Trafikkikkerhet vil være en viktig del av den nye sentrumsplanen. Der vil man se på belysning, fordeling gang/sykkel/veibane og gjøre dette mer oversiktlig enn i dagens situasjon. Informasjon til innbyggerne om hva de kan gjøre selv for å forbedre situasjonen.

Utfordring 2: Oppdatere smittevernplanen, begynne arbeidet med revidering i 2020. Sette inn det vi har utviklet nå av tiltak/prosedyrer i koronatiden.

Utfordring 3: Sosial bærekraft innebærer bl.a. systematisk arbeid for innenforskap i alle sammenhenger i kommunen. Kommunen er med i et folkehelseprosjekt fra fylke: Frå uteforskap til innenforskap. Prosjektet er knyttet opp til Batnfjord Ungdomskole og heter «inkluderende skolehverdag».

Kommunen ønsker å tilsette en ergoterapeut og se om de kan øke helsesøsterstillingen til 100% på skolen. Videre skal kommunen jobbe for at alle skal ha mulighet til å delta i fysisk aktivitet/idrettslag, Jobbe aktivt for å få ned mobbetall. Øke livskvaliteten og forbedre psykisk helse ved å motarbeide ensomhet; Møteplasser for alle aldersgrupper, se på transportproblematikk, opprettholde et tilstrekkelig tilbud innen psykisk helse, trening, dagsenter osv.

Utfordring 4: Promotere Gjemnes kommune som en attraktiv kommune å bo, jobbe og vokse opp i, gjennom media, livmestringsfag på skolen, være tilstede på «innflytterdagen» i Molde og Nettverksdager i Kristiansund. Se om kommunen kan være med i «Kom trainee»-opplegget til Kristiansund.

Kan vi påvirke at småbruk ikke står tomme store deler av året?

Utfordring 5: Planlegge for et aldersvennlig samfunn innenfor kommunens virksomhetsområder og forventet samfunnsutvikling: Viktig med sosiale møteplasser, regelmessig kollektiv- og transporttilbud, lavterskel treningstilbud, turstier i lett terreng. Samarbeid med frivilligheten for mulighet til å holde seg engasjert / delaktig i samfunnet.

Utfordring 6: Forebygging hoftebrudd/hodeskader: De som er mest utsatt er barn, unge og eldre. Sette opp plan for jobbing med fallforebygging i hjemmetjenesten, institusjoner og skolen. Informasjon ut til innbyggerne: Ha en pensionistkveld med informasjon om forebyggende tiltak.

Innenfor skole og barnehage ha fokus på trafikkikkerhet, trygg skolevei og minske risiko for skader ved utøving av ekstremidrett.

Utfordring 7: Utarbeide en handlingsplan for folkehelsearbeidet, basert på folkehelseoversikten. Folkehelsekoordinator og planavdelingen må finne gode rutiner å jobbe sammen på. Videreutvikle folkehelsearbeidet på tvers av kommunale tjenester og fortsette arbeidet i folkehelsegruppa, som allerede har hatt to møter.

Del 4: Endring etter at avtalen er inngått

Løpenr.	Dato	Endringa gjeld
1		
2		
3		
4		
5		